UNIVERSITETET I BERGEN

Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet **Dato:** 12.03.2014
Styresak: 22/14 **Arkivsaksnr:** 2014/2989-ROW
Møtedato: 25.03.2014

Resultatoversikt 2010-2014

Her blir gitt ein kort oversikt over avlagde studiepoeng og kandidatar i 2013 samanlikna med tre føregåande år, med vekt på utviklinga siste år. Det er også gjort ei førebels utrekning av budsjetteffekten i 2015. Dataene er henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH).

Avlagde studiepoeng

Det er nedgang i avlagde studiepoeng, frå 2130,9 i 2012 til 2045,1 årseiningar i 2013, ex.phil HF medrekna.

Utviklinga på dei ulike studienivå er fylgjande frå 2010 til 2013:

Tabell 1. Avlagde studiepoeng 2010 - 2013

	2010	*2011*	*2012*	*2013*	*Endring 2012-13*
Ex. phil.- HF	71,8	74,8	70,0	67,0	-3,0
Lågare nivå	1733,0	1685,8	1656,0	1581,5	-74,5
Masternivå	343,0	368,1	365,2	353,2	-13,0
Integrert master	18,9	28,6	39,7	43,4	11,1
Sum	**2166,7**	**2157,3**	**2130,9**	**2045,1**	**-85,8**

I DBH er det eigne data om vidareutdanning[1], som kan vere på alle studienivå. Studiepoenga på program som blir rekna som vidareutdanning og som er finansierte innafor fakultetets budsjett er rekna med i fakultetet sin totalsum. Det er skilt mellom vidareutdanning der det er krav om høgare utdanning og utan slikt krav. Dei siste åra har utviklinga vore fylgjande:

Tabell 2. Studiepoeng innan vidareutdanning

	2010	*2011*	*2012*	*2013*	*Endring 2012-13*
Vidareutd utan krav om høgare utd	57,5	40,8	25,3	27,6	+ 2,3
Vidareutd med krav om høgare utd	25,2	49,5	56,2	50,3	-5,9
Sum vidareutdanning ved HF	**82,7**	**90,3**	**81,5**	**77,9**	**-3,6**

[1] Desse dataene finst berre i tabellen som viser studiepoeng på det programmet studenten er aktiv (tabell 20). Det er endringar i tala for 2010-2012 i høve til oversikten som vart laga i 2013

Det er ein liten nedgang i vidareutdanningsprogramma frå 2012 til 2013. Denne har liten betyding i høve til totaltalet som er vist i tabell 1.

HF har hatt relativt mange studentar på årsstudia. Det var nedgang i studenttalet og avlagde studiepoeng i 2010-2012, men det er ein klår auke frå 2012 til 2013.

Tabell 3. Studiepoeng i årsstudia

	2010	*2011*	*2012*	*2013*
Engelsk	6,1	5,3	5,6	9,8
Filosofi	8,4	2,9	1,1	2,5
Fransk	5,5	4,5	5,0	4,8
Historie	32,4	11,7	19,2	29,5
Kunsthistorie	29,2	13,6	7,8	10,3
Nordisk	16,4	11,2	15,2	14,5
Nordisk deltid/fjernunderv	10,3	1,5		
Norsk som andrespråk	5,6	5,9	3,2	4,3
Religionsvitskap	12,3	12,5	14,1	14,9
Spansk spr og latinam stud	10,2	8,6	5,2	7,8
Tysk	2,2	3,0	1,2	2,2
Utøving/komp for utl stud	2,3	5,0	4,5	3,7
Sum	**140,9**	**85,7**	**82,1**	**104,3**

Hovudtendensane når det gjeld avlagde studiepoeng 2012 – 2013 er:

- Nedgang på lågare nivå, inkludert ex. phil, men det er auke i årsstudia
- Det er nedgang på masternivå
- Auke på integrert master

Gjennomsnittleg studenttal var litt høgare i 2013 enn i 2012. Det er ein liten nedgang på lågare nivå, men ein liten auking på masternivå. Vi har hatt fylgjande utvikling (gjennomsnittstal for vår- og haustsemester):

Tabell 4. Registrerte studentar 2010 - 2013

	2010	*2011*	*2012*	*2013*	*Endring 2012-13*
Lågare nivå	2668	2473	2432	2404	-28
Masternivå	491	493	509	523	+ 14
Integrert master	157	185	210	240	+ 30
Sum	**3316**	**3151**	**3151**	**3167**	**16**

Sidan studenttalet er litt høgare i 2013 enn i 2012, kjem nedgangen i avlagde studiepoeng av at studentane i gjennomsnitt avla færre studiepoeng per år i 2013 enn i 2012.

DBH har tal for studiepoeng per registrerte personar og registrerte heiltidsekvivalentar. Vi skal her sjå litt på utviklinga over ein lengre periode og samanlikne HF med MN og SV og UiB totalt.

Tabell 5. Studiepoeng per student 2002 – 2013*

Fakultet	2002	2004	2006	2008	2010	2011	2012	2013
HF	32,9	36,0	38,3	38,0	38,7	40,5	40,0	37,9
MN	30,1	37,6	42,5	42,6	42,2	41,4	41,1	40,6
SV	36,7	35,8	39,2	42,6	43,0	42,2	42,4	42,3
UiB	**36,0**	**38,2**	**42,2**	**43,2**	**44,5**	**44,2**	**43,9**	**43,8**

*Studiepoeng per student, gjennomsnitt per år. registrerte personar

Det har vore ein sterk auke i avlagde studiepoeng per student ved HF og andre fakultet sidan 2002. Auken var særleg sterk fram til 2006. HF hadde også positiv utvikling fram til 2011/12, men har ein relativt sterkt tilbakegang frå 2012 til 2013. MN og SV ligg klårt over HF frå 2008.

Tala i tabell 5 gjeld registrerte personar som tilsvarar registrerte studentar. Omrekna til heiltids- ekvivalentar har HF 39,4 studiepoeng per student. Det er større skilnad mellom studiepoeng per heiltidsekvivalent og registrerte personar ved HF enn dei andre fakulteta, noko som tyder på at HF har ein del fleire deltidsstudentar enn dei andre fakulteta. Men hovudtendensen er den same: HF har ein klår nedgang i avlagde studiepoeng per student frå 2012 til 2013. Denne tendensen skil seg ein del frå dei andre fakulteta ved UiB.

Nasjonalt ser det ut til å vere ein tilsvarande tendens. DBH har tal for fagområde/studium, og for historisk-filsofiske fag totalt er det ein nedgang frå 38,1 studiepoeng per student i 2012 til 37,2 i 2013[2]. Alle HF-fakulteta ved universiteta har tilbakegang i studiepoeng per student frå 2012 til 2013.

Instituttvis oversikt

Utviklinga i avlagde studiepoeng ved dei ulike institutta er fylgjande:

Tabell 6. Avlagde studiepoeng ved institutta

	2010	*2011*	*2012*	*2013*	*Endring 12-13*
Griegakademiet – Inst for musikk	152,0	167,2	155,1	161,8	6,7
AHKR	577,4	571,5	559,3	539,5	-29,8
FOF	86,7	96,4	99,6	94,0	-5,6
IF	420,7	391,2	427,5	388,2	-39,3
LLE*	667,1	682,6	646,6	644,2	- 2,4
SVT	6,0	4,4	0,6	0,4	-0,2
Fakultetet felles	185,0	169,1	172,3	149,9,	-22,4
Ex phil – HF	71,8	74,8	70,0	67,0	-3,0
Sum	**2166,7**	**2157,3**	**2130,9**	**2045,1**	**-85,8**

*Norsk for utanlandske studentar var tidlegare ført under fakultetet. I 2013 ligg dette programmet under LLE, og det er korrigert for dette også i 2010-2012

[2] Tala for HF UiB er ikkje samanliknbare med dei nasjonale tala sidan utøvande musikk og integrert lærarutdanning er skilt ut. HF UiB ligg litt under landsgjennomsnittet for historisk—filosofiske fag.

Det er auke ved Griegakademiet, men nedgang ved dei andre institutta. Griegakademiet har eit program der det blir avlagt eksamen annakvart år, og når det blir tatt omsyn til det, er det om lag uendra tal ved Griegakademiet. IF og AHKR har relativt stor nedgang medan LLE har om lag same nivå som i 2012.

Forklaring til tala i tabell 6.

I DBH er studiepoenga fordelt på to måtar:

1) På program som eit emne tilhøyrer (tabell 21)
2) På program der studenten er aktiv (tabell 20)

Tala er henta frå tabell 21 fordi det er den som blir nytta i finansieringsmodellen. Tabell 20 er likevel viktig, fordi den gir mulegheit til å finne ut kor mange studiepoeng studentane på eit program tar. Vi kan f.eks finne ut kor mange studiepoeng bachelorstudentane i religionsvitskap tar på ex fac og ex phil i løpet av eit år. For institutta kan det vere betydelege skilnader mellom dei to tabellane. Tabellen nedanfor viser dette (ukorrigerte tal):

Avlagde studiepoeng ved institutta

	Tabell 21	Tabell 20
Griegakademiet – Inst for musikk	161,8	164,6
IAHKR	539,5	496,5
FOF	94,6	70,5
IF	388,2	456,8
LLE	634,4	679,0
SVT	0,4	
Fakultetet felles	159,6	131,6
Sum	**1978,1**	**1998,9**

Det ser ut til at fakultetet får færre studiepoeng enn det studentane ved fakultetet har avlagt, særleg gjeld dette ved IF. Dette er fordi ex phil i tabell 21 er rekna som eige fakultet, medan studiepoenga i tabell 20 er fordelte på program og dermed institutt. Dei 67 studiepoenga som er avlagt ved ex phil HF ligg inne i tabell 20. Når vi legg ex phil-studiepoenga til i tabell 21, blir totalen på 2045,9, som er 47 mer enn det som er totalen i tabell 20 der ex phil-studiepoenga allereie er innrekna. Det betyr at studentar ved andre fakultet avlegg emne hos oss som tilsvarar 47 studiepoeng.

Fakultetet har gevinst av at det er tabell 21 som blir lagt til grunn i finansieringsmodellen.

Dei studiepoenga som ikkje er fordelte på institutt, gjeld i hovudsak ex. fac. Dei fordeler seg slik:

Tabell 7. Avlagde studiepoeng som ikkje er fordelt på institutt

	2010	2011	2012	2013	Endring
Akademisk skriving	89,5	82,5	80,2	71,7	-8,5
Tekst og kultur	47,7	43,5	39,9	37,1	-2,8
Språk og kommunikasjon	36,8	33,1	38,7	33,8	-4,9
Oversetjing	11,0	10,0	13,5	7,3	-6,2
Sum	**185,0**	**169,1**	**172,3**	**149,9**	**-22,4**

Vi ser at nedgangen i ex fac emna er ein del større enn nedgangen i ex phil.

Budsjetteffekt av endringar i studiepoeng

I budsjettet for 2015 får fakultetet utteljing for auken/nedgangen i avlagde studiepoeng. Studieprogramma er plasserte i ulike finansieringskategoriar med ein stipulert pris per studieplass. 40 % er rekna som resultatdel, og den summen er ført inn i tabellen nedanfor. Ved UiB får fakulteta 75 % av endringane i resultatbudsjettet.

Tabell 8. Budsjetteffekt i 2015 av endringar i studiepoeng

	A	B	C	D	E	F	Sum
stp 2012		143,8	15,7	376,6	54,2	1540,6	2130,9
stp 2013		152,6	22,4	358,5	46,6	1465,1	2045,2
endring		8,8	6,7	-18,1	-7,6	-75,5	-85,7
pris (2014)	140 000	107 000	71 000	51 000	43 000	35 000	
Budsjettendr (75 %)		706200	356775	-692325	-245100	-1981875	-1856325

Totalt vil det bli ein nedgang i resultatbudsjettet i 2015 på nesten 1,9 mill. Det er gunstig utvikling i kategori B (utøvande musikk) og i kategori C (master i lingvistikk, datalingvistikk og digital kultur) medan det er nedgang i dei andre kategoriane.

Ferdige kandidatar

Utviklinga i kandidattalet er fylgjande:

Tabell 9. Ferdige kandidatar 2010 - 2012

	2010	*2011*	*2012*	*2013*	*Endring 12-13*
Bachelor	293	299	336	321	-15
Master	150	164	154	138	-16
Integrert master	10	11	16	20	+4
Sum fakultetet	453	474	506	479	-27

Det er nedgang i kandidattalet på bachelor- og masternivå medan det er auke i talet på integrert master. Dei 20 kandidatane som har avlagt integrert master fordeler seg med 5 i musikkterapi, 9 i lektorutdanning (framandspråk) og 6 i lektorutdanning (nordisk).

Avlagde doktorgradar

Talet på avlagde doktorgradar har auka dei siste åra, og talet i 2013 er det høgaste fakultetet har hatt.

Tabell 10. Avlagde doktorgradar og doktorgradsavtalar 2005 - 2012

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Doktorgradar	16	20	29	20	21	19	25	28	32
Doktorgradsavtalar	108	121	119	132	154	184	187	164	

Talet på doktorgradsavtalar har halde seg på eit høgt nivå dei siste åra med ein liten nedgang i 2012. Det kan gje grunnlag for auke i talet på avlagde doktorgradar.

Talet på doktorgradar og publikasjonspoeng tel med i resultatdelen av forskingsbudsjettet. Dataene om publisering er førebels ikkje klare i DBH, og det er ikkje mogleg å vurdere budsjetteffekten på dette området.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tek saken til orientering.

Margareth Hagen
dekan

Trine Moe
fakultetsdirektør